



Jan Alm Knudsen
jak@lederskapas.no

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1897 - 15/13315

Saksbehandlar:
Kari Anne Iversen
kari.a.iversen@meland.kommune.no

29.06.2015

Førespurnad på leiaropplæring

Meland kommune har eit kontinuerleg fokus på leiaropplæring og leiarutvikling for tenesteområdeleiarane våre. Vi planlegg no ei todagars samling til hausten, nærare bestemt 9. og 10. november på Solstrand Hotell & Bad.

På denne samlinga ønskjer rådmannen å setje fokus på endringskompetanse og endringsleiing. Bakgrunnen for dette er dei omstillingane kommunesektoren som sådan, - og også vår kommune konkret, står overfor dei næraste åra. Oppgåvene er på ingen måte statiske og det kan løysingane heller ikkje vere.

Det er p.t. ikkje avklart kva det lokale prosjektet kring ny kommunestruktur i realiteten vil føre med seg for Meland kommune, men uansett utfallet av dette prosjektet, så vil det bli behov for endring og omstilling.

Sjølv om Meland kommune ikkje lenger står på Robeklista, har vi framleis økonomiske utfordringar kring drifta vår, og det er eit stort behov for å tenke nytt når det gjeld oppgåveløysing og oppgåveutforming. I arbeidsgjevarstrategien for 2014 – 2018 (vedlagt) har vi m.a. påpeikt behovet for nyskaping og innovasjon. Vi trur at det vil vere ein føremon at ha eit visst teoretisk «bakteppe» for å forstå kva som skjer i ein organisasjon og mellom menneska i organisasjonen under omstilling og endring.

Vi er såleis interesserte i å få eit pristilbod på gjennomføring av ei todagars samling, basert på temaet endringskompetanse/endringsleiing, og med utgangspunkt i dei problemstillingane som er skisserte ovanfor. I alt vil det vere 17 deltakarar på samlinga. Vi har ein svært travel haust framfor oss, så datoane 9. og 10. november må nok stå ved lag.

Frist for tilbakemelding på om dette oppdraget er av interesse for dykk vert sett til måndag 20.07.15. Dersom de har spørsmål eller treng fleire opplysningar, kan underteikna kontaktast:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, e-post: kari.a.iversen@meland.kommune.no,
tlf. 56 17 10 31 eller mobil 988 19 438.

OBS: I organisasjonskartet i vedlagte dok. om organisasjonsplanen er området Læring og utvikling
no erstatta av Marihøna barnehage.

Med helsing

Kari Anne Iversen
Personal- og organisasjonssjef

Vedlegg:

Arbeidsgjevarstrategi+2014

Org.plan+Meland+kommune+pr+01.01.2013

Mottakere:

Jan Alm Knudsen

jak@lederskapas.n

o